



NVE

MK KRAFT AS
Balane 39
5729 MODALEN

Vår dato: 05.03.2026

Vår ref.: 202521111-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Vedtak om innkalling til konsesjonsbehandling for Hellandsfossen kraftverk i Modalselva, Modalen kommune

Vi viser til vårt varsel om vedtak om innkalling av Hellandsfossen kraftverk til konsesjonsbehandling, datert 11.11.2025.

Bakgrunn

Kraftverka og reguleringane i Modalselva påverkar miljøforholda i elva, irekna livsvilkåra og vandringsmoglegheitene for laks og sjøaure. Med bakgrunn i krav frå dei påverka kommunane, opna NVE derfor den 19.12.2019 [vilkårsrevisjon for Steinslands-/Modalsvassdraget](#). Revisjonen omfattar alle gjeve konsesjonar i vassdraget, og hovudformålet er å betre miljø- og naturforholda ved å mildne ulemper og negative verknader ved utbyggingane. Revisjonsdokumentet vart sendt på høyring i juli 2021, og i samband med dette påpeika FNF Hordaland (01.02.2022) og Miljødirektoratet (14.02.2022) den negative verknaden Hellandsfossen kraftverk har for nedvandrande fisk. Dei viste til manglande sperregitter ved kraftverksinntaket, og at det i periodar er for lite vatn i fisketrappa til at denne fungerer i tråd med intensjonen. Dei meinte derfor det var naudsynt å sjå verknaden frå Hellandsfossen kraftverk på vandrande fisk i samheng med vilkårsrevisjonen, og oppmoda om at kraftverket ble kalla inn til konsesjonsbehandling.

Energidepartementets [retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar](#) viser til at innkalling etter vassressurslova (vrl.) § 66 kan vere aktuelt for å sikre gode heilskapsløyisingar der delar av utnyttinga av vassdraget ikkje omfattast av reguleringskonsesjon med revisjonstilgang (punkt 4.2 og 8.2). Ei slik samordning gir grunnlag for å vurdere den samla påverknaden til reguleringane på vassdraget. Dette føreset at også dei konsesjonslause anlegga blir kalla inn til behandling, slik at alle inngrep og reguleringar i vassdraget kan vurderast i samheng.

Varsel om innkalling

11.11.2025 varsla NVE konsesjonæren om mogleg vedtak om innkalling av det konsesjonslause Hellandsfossen kraftverk i Modalselva til konsesjonsbehandling, jf. vassressurslova § 66 tredje ledd. NVE fekk kommentarane frå MK Kraft AS 28.11.2025.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

MK Kraft AS viser i sin uttale til deira innspel og bidrag i prosessen med vilkårsrevisjonen, og ber om at dette blir vektlagde i den vidare prosessen. Dei har mellom anna bidratt inn i forskingsprosjekt, og montert finmaska rister i inntaket som eit mellombels tiltak. Dei meiner påverknadane på hydrologi, vassføring, habitat og fiskevandring i hovudsak skriv seg frå Evinys anlegg, og at det derfor er dei som har det overordna ansvaret for miljøforbetrande tiltak. Dei understrek viktigheita av den historiske utviklinga i vassdraget ved at Hellandsfossen opphavleg var ein naturleg barriere for anadrom fisk, og at dagens nærvær av laks og sjøaure oppstraums fossen kjem av etablering av fisketrappa som mildnande tiltak for Evinys reguleringar. MK Kraft visar til funna i Multiconsults utgreiing om fisketrappas funksjon (på vegner av Modalen kommune), som mellom anna visar at Hellandsfossen kraftverk inngår i ein større samanheng.

Dei meiner kraftverket kan medverke til betre forhold for nedvandring ved å holde vasstanden låg over fossen, og at det også bidreg til meir stabil vassføring i trappa. Dei stiller seg derfor undrande til kvar påstanden om at Hellandsfossen kraftverk er årsak til for lite vatn i trappa kjem frå. MK Kraft understrekar at deira kraftverk står for ein avgrensa del av påverknaden i vassdraget, at dei vil bidra konstruktivt, men at dei ikkje kan ta økonomisk ansvar for tiltak som spring ut av reguleringspåverknad. Dei ber NVE vurdere om det kan vere tenleg med ei breiare og meir uavhengig gjennomgang av faktagrunnlaget i vassdraget. Dei ønskjer at framtidige krav blir dimensjonerte etter faktisk påverknad og at ansvar blir plassert hos rette aktørar.

NVE si vurdering

Hellandsfossen kraftverk er eit konsesjonsfritt anlegg og det er derfor ikkje knytt konsesjonsvilkår til drifta av dette. Dersom det skal kunne setjast slike vilkår må tiltaket konsesjonsbehandlast. I særlege tilfelle, og berre der det ligg sterke miljøomsyn føre, kan NVE ved enkeltvedtak bestemme at eldre vassdragstiltak må ha konsesjon jf. vassressurslova § 66.

Kraftverket ligg mellom vassførekomstane 064-388-R (Moelva nedstraums inntak Hellandsfossen kraftverk) og 064-390-R (Moelva inntak Hellandsfoss kraftverk - inntak Hellandsfossen kraftverk). Desse er registrerte som sterkt modifiserte vassførekomstar, med påverknadseffekten *endra habitat som følgje av hydrologiske endringar*. Vassførekomstane er ifølgje Vann-Nett også påverka av mellom anna forsuring, lakselus og forsøpling (plast frå jordbruket). Miljøtilstanden i vassførekomstane er vurdert som høvesvis *dårleg* og *moderat økologisk potensial*.

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion (2022–2027), godkjent av Klima- og miljødepartementet 31.10.2022, har vedteke miljømålet *godt økologisk potensial* for desse førekomstane (tabell 1). Miljømålet for sterkt modifiserte vassførekomstar blir fastsette på grunnlag av ei vurdering av kva for mildnande tiltak som er realistiske å gjennomføre i vassførekomsten. For vassførekomsten nedstraums Hellandsfossen kan miljømålet medføre ein reduksjon i kraftproduksjon, jf. vedlegg 2 i vassforvaltningsplanen.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tabell 1. Aktuelle vassførekomststar i Moelva som er lista opp i vedlegg 2 og 3 i regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027. Vedlegg 2-strekningar har miljømål som kan medføre reduksjon i kraftproduksjon. Vedlegg 3-strekningar har miljømål som kan medføre andre tiltak i vasskraftsektoren. **SMVF**: sterkt modifisert vassførekomst, **MØP**: moderat økologisk potensial, **GØP**: godt økologisk potensial

Vassføre- komst ID	Vassførekomstnam n	Naturleg /SMVF	Økologisk tilstand/potensial	Miljømål	Frist for målopp- nåing
064-388-R	Moelva nedstrøms inntak Hellandsfossen kraftverk	SMVF	DØP	GØP	2033, vedlegg 2
064-390-R	Moelva inntak Hellandsfoss kraftverk - inntak Hellandsfossen kraftverk	SMVF	MØP	GØP	2033, vedlegg 3

Sidan 2014 er det lagt ned eit betydeleg arbeid for å betra tilhøva for laks og sjøaure i Modalselva. Målet er å etablera ein sjølvreproduserande laksebestand, og å forbetra høva for anadrom fisk i vassdraget. Modalselva er ikkje klassifisert som eit nasjonalt laksevassdrag, men har utløp i Mofjorden som er ein nasjonal laksefjord (del av *Fjordane ved Osterøy*). Lakseregisteret oppgjer at bestandstilstanden for laks og sjøaure er høvesvis *svært dårleg/dårleg* og *dårleg*, og identifiserer mellom anna vasskraftregulering som ein negativ påverknadsfaktor. Trygg opp- og nedvandring for anadrom fisk er derfor ei sentral problemstilling for vilkårsrevisjonen, og blant tiltaka som kan bidra til forbetra miljøtilstand i vassdraget. Undersøkingar viser at inntil 60 % av smolten som vandrar over Hellandsfossen døyr¹. Det forventast svært høg dødelegheit for smolt og større fisk som vandrar inn i kraftverkstunnelen til Hellandsfossen kraftverk. Det er foreslått ei rekkje ulike grep for å sikre trygg opp- og nedvandring via fisketrappa. Desse løysingane kan gjere det nødvendig med tiltak i og ved inntaket og utløpet til Hellandsfossen kraftverk.

MK Kraft AS har i sin uttale påpeika at vassdragsreguleringanes miljøpåverknad i hovudsak skriv seg frå Evinys anlegg, og at laksetrappa vart etablert for å milda effektane av deira reguleringar. Dagens Hellandsfossen kraftverk vart etablert som eit anleggskraftverk i samband med utbygginga av Steinsland kraftverk. Modalen kraftlag (MK Kraft AS) overtok anlegget i 1994. I konsesjonen for Steinsland kraftverk ble det stilt krav om fisketrapp i Hellandsfossen, for å betre livsvilkåra for anadrom fisk. Denne trappa, og inntaket og utløpet til Hellandsfossen kraftverk, kan ikkje sjåast isolert, uavhengig av om dette kraftverket er den viktigaste påverknaden for fiskens livsvilkår. Kraftverket er del av reguleringane i vassdraget, og må derfor inngå i dei samla vurderingane av kva for tiltak som kan bidra til å nå vassdragets miljømål. MK Kraft sin konsesjonssøknad, og undersøkingane i samanheng med denne, vil bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget om miljøpåverknadane i vassdraget.

¹ NORCE LFI rapport nr. 527, Modalselva, Ei kunnskapsoppsummering 2024



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE viser til [Nasjonale føringer for regulerte vassdrag](#) (datert 24.01.2014 og ført vidare 19.03.2019), der det blir presisert at miljømål etter vassforskrifta kan kvalifisera som «særleg tilfelle» etter vrl. § 66. Levevilkåra for sjøaure og laks i Modalselva karakteriserer etter NVE si vurdering også som eit særleg tilfelle. NVE vurderer at det er viktig å sjå påverknadane og tiltaka i vassdraget i samanheng for å betra forholda for anadrom fisk. Ein konsesjon gir forvaltninga heimel til å setja miljøforbetrande vilkår, og til å følgja opp tiltak med godkjenning av detaljerte planar, mm. Eventuelle pålegg om tiltak blir gjorde etter ei nøye avveging mellom kostnadene ved gjennomføringa og venta effekt for miljøverdiane.

Konklusjon

NVE vedtek at Hellandsfossen kraftverk i Modalselva skal kallast inn til konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 66 for å kunna setja vilkår som tek vare på lakse- og sjøaurebestanden i vassdraget. Søknad om konsesjon etter vassressurslova § 8 skal formast ut med utgangspunkt i dette vedtaket og sendast NVE innan **01.10.2026**.

Vidare saksgang

Søknaden skal sendast til NVE for kvalitetskontroll før den blir sendt på høyring til råka partar for uttale. Søknaden vil også bli lagt ut til offentleg ettersyn og kunngjort i lokalpressa. Etter høyringa vil det bli gjennomført ei synfaring i området, før NVE gjer endeleg vedtak.

Søknaden skal ta utgangspunkt i NVE sin rettleiar for [Konsesjonssøknad for vasskraftanlegg](#), men tilpassast etter behov. Tema som ikkje er relevant for denne saka kan utelatast.

Ved utarbeiding av søknaden skal det leggjast vekt på dei forholda som kjem fram av kravdokumenta, varselet vårt og dette vedtaket. Tiltak for å ivareta opp- og nedvandring for laks og sjøaure skal vera hovudtema i søknaden. Kostnader og venta miljøeffekt skal vera synleggjort. Dersom enkelte tiltak kan gjennomførast i medhald av vilkår i ein konsesjon på eit seinare tidspunkt bør dette også blir omtalt. Fagspesifikk kompetanse knytt til akvatisk biologi er spesielt relevant for utarbeiding av søknaden.

Ta gjerne kontakt med saksbehandlaren vår for å avklara innhaldet i dokumentet.

Klagerett

Sjå siste side om retten til å klage.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Håkon Berg Sundet
fagleder



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

MK KRAFT AS

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngeving, kan du be NVE om å få ei grunngeving. Du må be om grunngevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunnge klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad,
med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.